



Det har vore gjort mykje godt arbeid på ungdomshuset Helgheim siste åra. No kan styret i ungdomslaget glede seg over ei flott gåve frå Sparebankstiftinga til vidare arbeid.

I dag vart lista frå haustgåvedrysset frå Sparebankstiftinga Kvinnherad gjort kjent. Det kom inn heile 139 søknader, og blant dei 63 heldige som fekk gåve i Kvinnherad, Odda og på Stord, var det 5 lag frå Uskedalen. I tillegg fekk Uskedal skulemusikk 25.000 og Uskedal idrettslag 75.000 i gåve pga bortfall av inntekter i samband med covid 19.

Med tildelinga denne hausten har Sparebankstiftinga delt ut i overkant av 108 mill. kr. sidan oppstarten i 2011. 96.177.137 kr. er tildelt lag og organisasjonar i Kvinnherad.

Ved denne utdelinga vart det delt ut 7.845.000 kr. Laga frå Uskedalen som var blant dei heldige denne gongen fekk til saman 461.000 kroner i tillegg til dei 100.000 kronene i covid 19-stønad. Dette fordelte seg slik:

- Uskedal ungdomslag, 186.000 kr. til renovering av Helgheim.
- Uskedal friluftslag, 80.000 kr. til turveggar i Skårhaug.
- Uskedal idrettslag, skigruppa, 70.000 kr. til skileik for alle,
- Uskedal musikklag, 45.000 kr. til kornettar, notestativ og notelys.
- Uskedal skulemusikk, 80.000 kr. til nye instrument.

Gåvefondet som stiftinga har, kjem frå aksjeutbytte som Sparebank 1 Stiftinga Kvinnherad har i Sparebank 1 SR-bank. Ved utdelinga frå gåvefondet i stiftinga er banken med og støttar opp om frivillig engasjement og innsats i lokalsamfunnet på ein god måte. Denne støtta er av særstør verdi for lags- og organisasjonslivet i bygdene.



[Uskedal Friluftslag er eit av fem lag i Uskedalen som er tildelt midlar i haust.](#)

Denne gongen kunne stiftinga ha feira at dei har delt ut meir enn 100 millionar, saman med mottakarane. På grunn av covid 19 restriksjonar let det seg ikkje gjera å ha eit slikt arrangement denne gongen. For laga lyser nok gåvene denne gongen ekstra opp i ein utfordrandre lagskvardag. Stiftinga er ein viktig bidragsytar til at vi kan ha ei aktivt, variert og godt fritidstilbod.

Liste over alle gåvene finn de [HER i Grenda.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Arkivfoto: Kristian Bringedal.